



Haugen Vva AS
Fabrikkgaten 7B
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1245 - 17/35484

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
19.12.2017

Løyve til etablering av veg, vatn og avløp - gbnr 141/1 m fl Kvamme nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 613/17

Tiltakshavar: Majo Eigedom AS
Ansvarleg søkjar: Haugen Vva AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Søknaden gjeld etablering av veg vatn og avløp for Stølshaugane bustadfelt, motteken 19.04.2017. Søknaden omfattar utskifting av eksisterande kommunal avløpsleidning i sjø og legging av ny avløpsleidning i kommunal gangveg til Kvamsvågen friluftsområde. Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med gjeldande planar, og krev ikkje dispensasjon. Frå søknaden:

Tiltaket omfattar bygging av:

- Veg KV02 (Erstadvegen), med fortau
- Veg KV03, med fortau og snuhammar
- Veg KV04, med snuhammar
- Gangveg GV6
- Utbetring av avkøyrse V1 og V2 til Erstadvegen nr. 1 og 20-40
- Planering av areal for kommunalteknisk anlegg
- Overvassystem for veger
- Vann- og avlaupsanlegg for bustadfeltet, samt tilkopling til kommunalt vann- og avlaupsnett
- Etablering av slamavskiljar
- Etablering av pumpestasjonar på bustadtomtene BE11-BE14 for å pumpe spillvatn til sjølvfallsleidning i veg KV03

For å sikra god brannvassdekning skal det etablerast sløkkevatnuttak i vasskum V1 og V2. Det vil då vera om lag 100 meter frå kvar bustad til næraste brannvassuttak.

Leidningsstrekke frå tilkoplingspunkt kommunalt nett til kum V2 og kum S14 er tenkt overtatt av kommunen til drift og vedlikehald.

I Kvamsvågen blir ny utsleppsleidning frå bustadfeltet knyta til kommunal utsleppsleidning i sjø. Dette vil skje på grunn sjø ikkje langt frå land. Tiltaket vil ikkje føre til store endringar i forhold til dagens situasjon. Vi har difor vurdert det som ikkje naudsynt å søkje om løyve for tiltaket hos Bergen og Omland Havnevesen.

Utsleppsleidningen til sjø skal leggjast i ny gangveg til friluftsområde som Lindås kommune skal opparbeida.

Det vert elles vist til søknad motteken 19.04.2017 og supplert i fleire omgangar.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 09.05.2017. Dokumentasjon vart motteken i fleire omgangar før søknaden var komplett 10.11.2017. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden. Fristen er 12.01.2018.

Planstatus

Bustadfeltet er regulert i godkjent reguleringsplan for *Stølshaugane gnr 141 bnr 1,3 mfl.* med arealplan-ID 1263-21302.

Utsleppsleidningen ligg i reguleringsplan *Kvamsvågen G.nr.141 B.nr.7* med arealplan-id 1263-25082004.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale/godkjenning frå anna styresmakt

Statens vegvesen

har i brev datert 10.11.2017 godkjent tekniske teikningar for kryss mellom fylkesvegen og kommunevegen.

Bergen og omland Havnevesen

har godkjent legging av leidning i sjø etter *Lov om havner og farvann*.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Søkjar har kommentert merknadane.

32 naboar blei varsla den 21. mars 2017.

Ved fristens utløp var det motteke to merknadar, C-4 og C-5.

KOMMENTAR TIL MERKNAD

Kvamme felles vatn og kloakk, C-4:

Merknad:

1. Ynskjer å få kopla til privat spillvassleidning til ny kommunal utslippsleidning.
2. Alternativt må legging av ny leidning ta omsyn til eksisterande leidning.
3. Grunnsprøsmål.

Vurdering:

1. Vil bli handtert i private avtaler mellom utbyggjar og naboar. Høgde på leidningsanlegg vil bli justert til evt. tilkoplingspunkt.
2. Leidning vil bli lagt i ny veg som blir opparbeida av Lindås kommune. Dersom det blir naudsynt med omlegging av eksisterande leidning vil det skje i forbindelse med ny gangveg.
3. Sjå under.

Svein Kvamme, C-5:

Merknad:

1. Feil i eigedomsgrenser på kommunalt kartverk.

Vurdering:

1. Varsla trase er prosjektert i planlagt kommunal gangveg. Spørsmål om grunn og eventuelt grunnerverv vil difor komme i forbindelse med den planlagde gangvegen.

Plassering

Vegar innafor Stølshaugane-planen er vist i vegplan revidert 10.11.2017 og VA-anlegg i og utafor planområdet er vist i VA-teikningar mottekne med e-post 06.09.2017.

Vatn og avløp (VA)

Anlegget skal knytast til offentleg vatn og avløp. Kommunen skal overta ein del av anlegget. Lindås kommune ved teknisk drift har godkjent tekniske planar for veg, vatn og avløpsanlegg i brev datert 30.06.2017

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Tomtene i feltet er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4. Avkjørsle frå offentlig veg følgjer av godkjent reguleringsplan.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og utførast i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

er ivaretekne gjennom grunnavtalar og fullmakter til å søka på vegner av grunneigarar og tiltakshavar.

Nabomerknader

er ivaretekne er ivaretekne gjennom grunnavtalar.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

er gjort i reguleringsprosessen.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for etablering av veg, vatn og avløp for stølshaugen bustadfelt på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast og utført som vist i reguleringsplan og godkjende planar for vegar og VA ,med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk og kloakkanlegg i samsvar med godkjende tekniske planar.**
- 3. Tomtene får tilkomst til offentleg veg via privat veg. Vegkryss mellom kommunevegen og fylkesvegen skal opparbeidast i samsvar med tekniske teikningar godkjent av Statens vegvesen i brev datert 10.11.2017**

Vilkår for bruksløyve/ferdigattest:

- Godkjent ferdigmelding for tilkopling til offentleg VA anlegg**
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/1245

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert utført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ

Mottakarar:

Haugen Vva AS

Fabrikkgaten 7B 5059

BERGEN